

MENNINGER

FULLT NAVN. Innlegg på trykk skal være signert med fullt navn. Anonyme innlegg godtas bare unntaksvis, når det kan underbygges med helt spesielle behov for å være anonym. Du kan også lese mening-innleggene på nettavisen under www.hamar-dagblad.no. **SKRIV KORT.** Innlegg som er kortere enn 280 ord slipper først fram i køen. Alle innlegg må leveres som e-post til mening@hamar-dagblad.no eller SMS til 2097 kodeord HD.

“Sovna bak rattet”

Reitt som det er finner vi som overskrift ved trafikkuhell: “Sovna bak rattet”.

I løpet av sommeren er det alt blitt mange. Mange tilfelle blir det ikke avsnottis av.

Vår organisasjon har på våre årlige aksjoner spurt tilfældige personer om de har sovnet eller vært nær ved å sovne bak rattet. Resultatet i år er på lag det samme som før. 6 % kvinner og 11 % menn har sovnet bak rattet. 43 % kvinner og 58 % menn har vært nær ved sovne. Fra år til annet er det noe varierende prosentall. Poenget er at dette fenomenet har et stort omfang og representerer en

betydelig sikkerhetsfaktor i trafikken.

Trøtthet er medvirkende årsak til ca 1/3 av alvorlige møteulykker; disse noe uforklarlige ulykkene hvor man kommer over i feil kjørefelt og kolliderer med møtende kjøretøy.

Det er et svært alvorlig trafikksikkerhetsproblem på høyde med rusbruk i trafikken. Det er da og påvist ved forsøk at mangel på søvn over pålag ett døgn, innebærer en svekket oppmerksomhet på nivå med 1 promille alkohol i blodet.

MA har stor oppmerksomhet omkring bruk av alkohol

Sommar og sombrero

Sommaren er ikkje så mykje å skryte av i år, som ord er sommar kanskje heller ikkje så veldig spennande. Tyskarene seier “sommer”, mens engelskmennene seier “summer”. Det gammalnorske ordet var “sumar”. Vokalane u og o er ikkje særlig interessante. Det er ikkje berre variasjon samanlikna med andre språk, men også innanfor norsk språk, t.d. gulv/golv, bu/bo, tru/tro m.fl. Det som er meir interessant, er kanskje at sumar var eit nøytrumsord i gammalnorsk. Med det var opphavleg også vår og haust, mens alle årstidene i dag er hankjønnsord.

Men kva er eigentleg tydinga til ordet sommar? Ifølgje Falk og Torp si etymologiske ordbok tydde t.d. sanskrit

“sámá” halvår, årstid eller år. No kan ein jo seie at

sommaren som årstid har byrja å likne veldig på våren eller hausten, i alle fall i år. Men opphavleg viste vel tydinga år til at ein følte år etter kor mange sommar som gjekk. I germansk tradisjon var det derimot vanlegare å rekne etter vintar. Tydinga halvår viser til at ein før ofte rekna to årstider, dvs. sommar og vinter. Falk og Torp nemner elles at grunntydinga til ordet sommar kanskje kunne vere “den lyse tida”, men at dette likevel ikkje er sannsynleg sidan den indogermanske rota i ordet trileg kjem av sem/semi, som tyder “halv”. Ein står altså igjen med halvår.

Når ein ser på véret ute, kan ein jo lure på om neste

og andre rusmidler i trafikken. Trafikk og rusbruk høyrer ikke sammen. På samme måte hører ikke trøtthet og bilkjøring sammen. Etter vegtrafikkloven (§21) er det klare krav om ikke å være sløvet på noen måte som bilfører.

- Oppfordringen er derfor:
- Å ha oppmerksomhet på din trøtthet under kjøring.
 - Stoppe, sørgje for mosjon og hvile-helst søvn.
 - Spise lett kost, tilføre væske - helst vann.

IVAR LAD

MA - Rusfri trafikk og livsstil

årstid kanskje faktisk er vinteren. Eitt eller anna er det no som skyggar for sola i alle fall; kanskje det er ein sombrero? Sombra er skygge på spansk. Eller så er det kanskje ein parasoll? Den skal jo “parere” sola. Det er sikkert ein eller annan der ute som grillar i hagen trass i (u)véret, og som har masse smør på fleisk, og som derfor har sett opp ein “solparasoll” (ja, det er faktisk dei som seier det). Den typen skal visst vere spesielt effektiv mot sol. Borte er ho i alle fall. “Sol og regn og latter, ha ha ha...”. Men vi germanarar har jo vore ute ei vinternatt før.

JENS HAUGAN